

Høyring om Justering av hovedgudstenesta og almennelike bestemmelsar

Høyringssvar frå Landro sokneråd Vesthordland prosti Bjørgvin bispedømme

Landro sokneråd har hatt høyringsforslaget oppe til enkel behandling. Soknepresten har formulert nokre svar til delar av høyringa.

Innleiing:

Landro sokneråd innførte ny liturgi i samband med liturgireforma for nokre år sidan. Endringane som vart gjort i gudstenesta vart teke godt imot, og fleire av endringane blir opplevd som forbetringar. Men det var uro knytt til alle dei ulike alternativa som kunne veljast både med omsyn til musikk og liturgi. Det tok tid å finne ei ordning, og bestemme seg for kva alternativer ein ville nytte. Men kyrkjelyden klarte å lande på ei gudsteneste som ein er nøgd med. Forøvrig kan det nemnast at mesteparten av engasjementet ved innføringa av ny ordning vart knytt til musikk-alternativa. Ein registrerar at det er rimeleg god korrespondanse mellom ordninga ein brukar i Landro og høyringsforslaget. Landro sokneråd støttar i hovudsak initiativet til ei innstramming av dei liturgiske alternativa.

Høyrings spørsmål 1:

Ny liturgisk ordning har ikkje påverka gudstenestebesøket. Den har også i liten grad påverka engasjementet og involveringa av frivillige, ettersom ein allereie før innføringa av ordninga hadde mange frivillige som deltok i gudstenestefeiringa (kyrkjevert, tekstlesar, kyrkjekaffi, og ikkje minst musikalske krefter). Det feltet den har påverka gudstenestefeiringa mest, er i forhold til medliturg/tekstlesar. Her har det i nokon grad vore ei oppgradering av rolleforståinga. Involveringsaspektet i gudstenestereforma var eit godt initiativ.

Likevel savnar soknerådet ei meir heilskapleg vurdering av kva som skaper ei god gudstenesteoppleving for kyrkjelyden. Salmeval, kvalitet på forkynning, musikalske krefter, søndagsskule og ikkje minst atmosfære opplevest sentrale for kvaliteten for den jamne gudstenestedeltakar. Enkeltformuleringar i liturgien, eller kva alternativ som vert nytta i t.d. syndsvedkjening, samlingsbøn og nattverdbøn formidlar teologi og trusinnhald, og er sjølvstøtt svært viktige. Dette er då også teke opp i detalj i gudstenestereforma – og i høyringa. Men for den jamne gudstenestedeltakar er kan dette opplevast som detaljar som ikkje er veldig sentrale for sjølvstøtt gudstenesteopplevinga. Kyrkjekaffi, tilbod til borna, god forkynning, god musikk, og god atmosfære er ofte viktigare for den enkelte si oppleving – altså faktorar som litt utanfor – eller i forlenginga av sjølvstøtt gudstenesteordninga. Dette vart ganske tydeleg for soknerådet i samband med innføringa av ny gudstenesteordning for nokre år tilbake. Soknerådet i dåverande Fjell sokn (soknet er no delt i tre Fjell, Foldnes og Landro) fekk difor nedsett eit eige utval som skulle arbeide med andre sider ved gudstenestelivet i kyrkjelyden – enn det spesifikt liturgiske. Det vart då gjort eit arbeid der kyrkjeråd, bispedømme, organisasjonar m.fl. vart kontakta for å høyre kva tankar ein hadde for å utvikle gudstenestelivet som sosial arena. Og det verka som om kyrkjeleiinga var ganske lite oppmerksomme på dette, og innspel som kom verka tilfeldige. Soknerådet har ei oppleving av at mange av dei som møter på gudsteneste ikkje er veldig opptekne av kva syndsvedkjening kyrkjelyden brukar, eller om takkofferet er å betrakte som ein del av nattverden – eller om det er

hallelujaomkved i forbindelse med evangelielesinga. For å utvikle gudstenestelivet i DnK bør kyrkja spesielt arbeide meir med det sosiale aspektet knytt til det å samlast til gudsteneste. Spørsmål som: Korleis tek kyrkjelyden imot dåpsfamiliar? Korleis tek kyrkjelyden imot nye gudstenestedeltakarar? Er det kyrkjekaffi – evt korleis vert denne avvika? Klarar ein å finne ein balanse av nærleik og høgtid som verkar naturleg? Er ein open for nye menneske i kyrkjelyden – blir (dei som ønsker det) sett og teke imot av nokon i kyrkjelyden? Får gudstenestedeltakarane noko næring for å utvikle truslivet sitt? Kva vert gjort for positivt å inkludere konfirmantar i gudstenesta (eller sit dei mykje med mobiltelefonen gjennom gudstenesta...) Kva instrument blir brukt ved salmesong? Er det forsongarar? Oppsummert: Er det ei god oppleving å delta på ei gudsteneste? Ofte svarar folk ja. Ein registrerar at gudstenesta blir besøkt av nye menneske ganske ofte. Men mange av dei "ramlar av" etter ei tid. Det er tydelegvis ikkje så interessant i lengda å bruke kyrkja.... Dette er spørsmålstillingar som vi håpar kyrkjeleiinga kan arbeide meir med – og komme med forslag, innspel og ressursar for å hjelpe enkeltkyrkjelydar i arbeidet med skape ein god heilskap rundt heile gudstenestefeiringa.

Høyringstema 3

Samlingsbøn: Dette har kyrkjelyden innført, og har positive erfaringar med. Men i forlenginga av innføringa av Dagens bøn, er det forståeleg at dette vert eit "kan" ledd. Men i utgangspunktet ønsker kyrkjelyden å behalde samlingsbøna, og ser ikkje at det er nødvendig å innføre Dagens bøn som "skal ledd".

Synsvedkjenning: Soknerådet er positive til endringane som er gjort i høyringsforslaget, og ønsker alternativ D velkommen. Synsvedkjenninga er i Landro vanlegvis plassert ved oppstarten i gudstenesta.

Dagens bøn: Soknepresten seier at han som predikant har savna leddet i 2011 ordninga. Men at han som kyrkjegjengar ikkje har savna leddet. Soknerådet ser positivt på at dagens bønn er inne igjen, men tenker at det ikkje bør vere eit "Skal" ledd.

Høyringstema 4

Evangelium: Hallelujaomkved kjennest ikkje naturleg i kyrkjelyden. Soknerådet har ikkje noko direkte imot å ha eit hallelujaomkved – og enkelte prestar ynskjer å bruke det. Men opplevinga i soknerådet er at dette kan kallast eit "helst ikkje" ledd. Det er meir i kontakt med lokale tradisjonar å ha to tekstlesingar med salme imellom, og evangelielesing i forbindelse med preika. Spesielt for predikanten er det greitt å kunne lese evangeliet i samband med preika, utan å måtte skilje dei frå kvarandre. Dette er ein fridom predikanten bør ha – mht. kommunikasjon. Hallelujaomkved bør vere eit "kan" ledd.

Kunngjeringar: Det er greitt å innføre det etter preika igjen – særleg med tanke på at ein då kan ta arbeidet det blir kunngjort om, med seg inn i forbøna. Men leddet er i det heile krevjande, og ein arbeider lokalt med å finne alternative måtar å kommunisere kunngjeringane på.

Høringstema 5

Nattverdspraksis: I kyrkjelyden foretrekk ein å bruke knefall og særkalkar under feiringa. Under enkelte familiegudstenester brukar ein kontinuerleg nattverd med intinksjon (ståande). Dette er ikkje spesielt populært – særleg blant dei eldre. Det opplevest mindre høgtideleg, men blir likevel gjort iblant, for å spare tid.

Bønnevandring og nattverd: Det er ønskeleg at det skal vere mogleg å ha bønnevandring under nattverdfeiringa. (men då gjerne i kombinasjon med kontinuerleg nattverd med intinksjon) Dette har blitt gjort med gode erfaringar, og høyringa legg opp til ei innstramming som ikkje verkar tenleg.

Landro sokneråd